

Skogseidvatnet

REKORDFISK

SKOGSEIDVATNET er det mest namngjetne fiskevatnet i Hordaland, med gode fangstar av både røye og aure. Fiske er det heile året: garn om hausten, vinterfiske med pilk på isen og stongfiske sommartid.

Skogseidvatnet ligg berre 13 moh. Største djupna er om lag 130 meter. Sævareidvassdraget, som Skogseidvatnet er ein del av, er naturleg næringsfattig med lågt innhald av organisk stoff, men har over tid fått tilført store mengder nærings salt frå oppdrettsverksemd og landbruk. På midten av 1980-talet vart det store mengder giftige blågrønalgar i Skogseidvatnet. Det finst framleis blågrønalgar, men i langt mindre mengd, og også fosforkonstrasjonen er redusert.

Det er teke røye på over 8 kilo i vatnet. Det er mellom dei aller største som er landa i Noreg. At det er godt med næring for fisk, særleg på utsida av oppdrettsmerdane, kan forklara at røya blir så stor. Det har òg samanheng med at ho er av ein annan, større type, som skil seg genetisk frå røya vi finn elles i Noreg. På hausten er garnfiske etter røye i det vakre vatnet god matauk for bymann og bonde.

Også auren blir stor i Sævareidvassdraget. Det er dessutan fanga regnbogeure på heile 10,1 kilo med stong i Skogseidvatnet. Det er europeisk rekord med mest ein kilo. Stamma av regnbogeure er eit resultat av rømd fisk frå eit matfiskanlegg som låg i Skogseidvatnet på 1980-talet. Anlegget var omstridd på grunn av ureining og fare for å



Svein Nord

påføra villfiskens sjukdommar. I dag formeirar vill regnbogeure seg i vatnet, som ein av få stader i Hordaland.

Oppsitarane her har lært mykje og reknar seg i dag som føregangsmenn når det gjeld fiskeoppdrett i ferskvatn. Matfiskanlegget er fjerna for lenge sidan. No finst her tre laksesmoltanlegg i staden, og dei bidreg til at Fusa produserer meir setjefisk enn nokon annan kommune i landet. Samstundes er faren for ureining til stades, og vassdraget må overvakast nøye. I tillegg til å gi ekstra næring for villfisk gir føroverskotet frå verksemda mat for endene. I periodar vinterstid held fleire hundre ender seg ved det eine anlegget, i hovudsak kvinender.



Sportsfiskar Trond Johansen med røye i Skogseidvatnet. (Atle Skjelde)

SKJELBREIDTERRASSEN

På austsida av Skjelbreidvatnet, godt synleg på vegen frå Eikelandsosen, legg vi merke til ein gard på ein terrasse ovanfor ein graskledd bakke. Bakken har form som eit breitt skjold; SKJELBREID er namnet på garden.

Ved slutten av istida, nokre hundre år etter at breen hadde avsett endemorenen og leira på Vinnes (®322), kalva breen i Eikelandsfjorden opp. Breranda stogga i området mellom Skjelbreidvatnet og Vengsvatnet. Breelevane førte med seg sand og grus som vart avsett i fjorden. Sjøen nådde då 78 meter høgare enn i dag.

Brekanten låg så lenge i ro at avsetninga bygde opp eit delta. Grustaket nord for terrassen har vekslende skrålåg av sand og grus som vart avsett ned deltaskråninga. Det har samanheng med vekslende vassføring i breevna som førte massane med seg.

Etter at breevna hadde avsett deltaet, vaks breen litt, og fronten rykte fram. Dette ser vi fordi det ligg restar av ein morenerygg oppe på terrassen. Noko av denne ryggen er planert i nyare tid, men han finst òg ved Sorelva. (Foto: Svein Nord)

